



Arkivsaknr: 2025/14302-8
Sakshandsamar: Nadia Margrethe Molland
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Varde drift AS søknad om skjenkeløyve

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Varde drift AS org.nr. 935834856 får innvilga fast alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3 i lokala Vardegard Skjelangervegen 600, 5719 Rossland i prioden frå 10.03.26 – 30.09.28.

2. Løyvet gjeld for skjenking innandørs med om lag 70 gjestar.

3. Løyvet gjeld for skjenking utandørs gjeld for om lag 20 gjestar.

4. Skjenketider innandørs: Skjenketid for alkoholholdig drikk gruppe 1 og 2 er mand -laurdag frå kl 10.00- 01.00. Sundag frå 12.00-01.00.

Skjenketid for alkoholholdig drikk gruppe 3 alle dagar frå kl 13.00 – 24.00

5. Skjenketider utandørs: Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 er mand -laurdag frå kl 10.00- 01.00. Sundag frå 12.00-01.00. Skjenketid for alkoholholdig drikk gruppe 3 alle dagar frå kl 13.00 – 24.00

6. Styrar: Jens Kristian Mørkeby Rimau f. 03.05.83

Avløysar: Marthe Christine Valle f. 29.11.82

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29.

Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår.

Saka gjeld

Varde drift AS org.nr. 935834856 søker skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i lokala Vardegard i Skjelangervegen 600, 5719 Rossland. Varde drift AS søker og om løyve til skjenking av alkohol på avgrensa område utandørs.

Styrar for skjenkeløyve: Jens Kristian Mørkeby Rimau f. 03.05.83

Avløysar: Marthe Christine Valle f. 29.11.82

Vurdering

Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 legg vekt på eit berekraftig samfunn og næring. Det kjem fram i planen at Alver kommune ønskjer eit rikt og inkluderande kulturliv som er ein drivkraft i samfunnsutviklinga.

Varde Drift AS driv utleige av forsamlingshuset Vardegard til både privatmarknaden og næringslivet. Innandørs er det sitjeplassar til om lag 70m personar. Utleiga kan vere ein del av komplette pakkar som inkluderer matservering og underhaldning. Den største leigetakaren er Foreningen Vardegard, som har kulturarrangement som si primære verksemd og nyttar lokalet jamleg til dette føremålet. Varde Drift AS står òg for drift av bar under både opne og lukka arrangement. Sjølve bygget blir leigd av privatpersonen Marthe Valle.

I lokalet blir det arrangert ei rekkje aktivitetar der alkoholkyrkje kan vere aktuelt, mellom anna opne kulturarrangement som konsertar, pubkor, føredrag og workshops. Det blir òg arrangert opne julebord og andre sesongbaserte samlingar, samt lukka lunsjar og middagar for næringslivet og private grupper.

Organisasjonen er bygd opp under merkevareparaplyen Vardegard, der Varde Drift AS og Foreningen Vardegard utgjer to separate einingar. Foreningen Vardegard har ansvar for dei kuraterte kulturarrangementa og den ideelle verksemda, medan Varde Drift AS har det kommersielle ansvaret. Dette omfattar mellom anna vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen, teknisk infrastruktur og inventar, i tillegg til å dekke faste utgifter knytte til forsamlingshuset, inkludert husleige til Marthe Valle, som er den største enkeltutgifta.

I tillegg leiger Varde Drift AS ut lokalet til næringslivet, ofte med komplette middagspakkar. Dei samarbeider med Stene Matglede AS, som lagar mat basert på lokale råvarer i kjøkkenet

på Vardegard. Det er òg eit etablert marknad mot privatkundar, til dømes ved feiring av runde dagar, konfirmasjonar, slektstreff og liknande arrangement.

Driftselskapet arbeider i dag også med planlegging av overnattingseiningar som vil kunne utvide tilbodet til både lokale og regionale kundar, samt tilreisande frå inn- og utland. Det blir vurdert som eit område med stort potensial for vidare utvikling.

Når det gjeld bemanning, lønner Varde Drift AS dagleg leiar Jens Kristian Rimau på timebasis, og engasjerer i tillegg kjøkkenhjelp etter behov når det er aktivitet i huset.

Utandørs er det søkt om skjenkeløyve for eit avgrensa område med 20 sitteplassar fordelt på ei terrasse på 70m² (sjå vedlegg kart over skjenkestad).

I Alver kommunes alkoholpolitiske plan kjem det fram at det er ikkje tillat med musikk eller underhaldning ved bruk av elektrisk anlegg/høgtalar på utandørsserveringa etter kl. 23.00. Musikk eller underhaldning må uansett ikkje vere slik at den er til vesentleg sjenanse ulempe for den som bur eller oppheld seg i ved område utadørsserveringa er.

Ved arrangement som er retta mot vaksne, som pubkveld og liknande vil Alver kommune setja vilkår i løyvet ved at det blir sett aldersgrense for tilgang til lokalet/arrangementet og området ved utandørsserveringa. Det krev gode rutinar på internkontroll for å sikra at skjenking skjer etter krava i lova.

Skjenkeløyve for alkohol er heimla i alkohollova § 1-7, samt kap. 4. Når vilkår etter Alkohollova er innfridd er det opp til kommunens frie skjønn og kommunens alkoholpolitiske plan å avgjerda om løyve skal gjevast:

Alkoholloven § 1-7 a «Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingssøker og personer som nevnt i § 1- 7b første ledd er egnet til å ha bevilling. Kommunen kan beslutte at det ikke skal gis mer enn et bestemt antall bevillinger til salg eller skjenking.»

Det er ikkje sett grense for tal skjenkeløyve som kan innvilgas i Alver kommune. Søknaden har vore til uttale hjå politiet, NAV og skatteetaten. Det er ingen merknader til søknaden eller omsøkte personar. Styrar og avløysar har bestått kunnskapsprøven etter alkohollova.

Ein skjenkestad må i hovudsak ha fått innvilga serveringsløyvet før eit skjenkeløyve kan takast i bruk jf. Serveringlova § 2 og Alkohollova § 1-4a. Serveringsløyve vert innvilga 05.02.26.

«Kommunal bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 1, 2 og 3 kan gis for 4 år av gangen, og med opphør senest 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltre» Jf. Alkohollova § 1-6 første ledd.

Søknaden vert innstilt med eit løyve gjeldande i inneverande løyveperiode fram til 30.09.28. I vurdering av søknaden kjem det ikkje fram opplysningar som tilseier at løyvet ikkje bør gjevast.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren tilrår at alminneleg skjenkeløyve innandørs vert innvilga i perioden frå 10.03.26 – 30.09.28 for gruppe 1 -3 på vilkår om at det vert satt aldersgrense ved arrangement retta mot vaksne. Kommunedirektøren tilrår at skjenkeløyve for alkohol gruppe 1 - 3 på avgrensa område utandørs vert innvilga på same vilkår.